# Årsmøte 2025 – 2026

## Gjesdal Bygdekvinnelag

## Gjesdal Bygdahus

**Torsdag 22. oktober 2026 kl 19:00**



NORGES BYGDEKVINNELAG

Gjesdal

# Innkalling til årsmøte i Gjesdal Bygdekvinnelag på Gjesdal Bygdahus torsdag 22. oktober 2026 kl 19:00

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Valg av møteleder og referent
3. Valg av to medlemmer til å skrive under møteprotokollen sammen med leder
4. Behandle årsmelding
5. Behandle revidert regnskap
6. Innkomne saker
7. Valg av styre (se innstilling fra valgnemnda)
8. Valg av revisor
9. Valg av utsendinger til årsmøtet i RBK
10. Valg av en person til utvalget for skule/landbruk
11. Valg av to personer til å pynte i Gjesdal Kyrkje
12. Valg av fanebærere til 17. mai på Gjesdal
13. Valg av representant og vararepresentant til Gjesdal Bygdahus
14. Valg av revisor fra GBK til Gjesdal Bygdahus
15. Fastsette styregodtgjørelse
16. Valg av nytt medlem i valgnemnda
17. Forslag til årsplan for 2027 – synspunkt og innspill

På årsmøtet får vi besøk av Gisken Hareland som er vår sonekontakt i styret i RBK.

Det blir en god pause med servering og «drøs», og utenom saklista blir det en «ymse-post» med diverse informasjon.

Vel møtt!

Hilsen styret i Gjesdal Bygdekvinnelag

# ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET OKTOBER 2025 TIL OG MED SEPTEMBER 2026

Styret har dette året vært:

| | |
|---|---|
| Leder: | Liv S Borgersen har stått som leder i Brønnøysund. Men, styret har fordelt ansvar mellom seg |
| Nestleder: | Ingen |
| Skrivar: | Valborg S. Søyland |
| Kasserer: | Astrid Øglend |
| Studieleder: | Liv Siqveland Borgersen |
| Varamedlemmer: | 1. Turid Skadsem |
| | 2. Bente Fossfjell |
| | 3. Margunn Nedrebø |
| Revisor: | Margunn Nedrebø |
| | Wenche Skadsem Haaland |
| Utvalg skule/landbruk: | Monica Sirevåg Tjøtta |
| | Jorunn Nevland |

Pynting i Gjesdal Kyrkje: Tone Gjesdal, Else Fjermestad, Torill Idland (vara)

Fanebærere 17. mai: Velges av styret

Representanter til styret i Gjesdal Bygdahus:

1. *Marit Epletveit (pers. vara Bjørg Madland)*
2. ***Jorunn Nevland*** *(pers. vara Anita Ravndal**)***

| | |
|---|---|
| Valgnemnd: | 1 år Margunn Nedrebø leder for 2025 |
| | 2 år Maria Nordland |
| | 3 år Else Fjermestad |

Gjesdal Bygdekvinnelag (GBK) har dette arbeidsåret hatt 6 styremøter, og vi har i skrivende stund 46 medlemmer. Vi har hatt ei aktiv gruppe på messenger, som vi har drøfta og planlagt i. Med bare 4 stk i styret har vi prøvd å fordele mest mulig mellom oss.

Dette har også vært et aktivt år, med mange arrangement og møter som er beskrevet under «aktiviteter». Året begynte med lokallagsamling på Kronen Gård, der 2 frå styret deltok.

Laget vårt har en del samarbeid med Jærmuseet både i forbindelse med egne arrangement på Limagarden, og i tillegg som en sterk bidragsyter på skule/landbruk sine arrangement som foregår på Limagarden.

Vi hadde festkveld for skule-landbruk som feira 40 år. Her var inviterte gjester, tilbakeblikk, taler, middag og kaker

Vi deltok på et»ull til tråd» arrangement med frivillighetsentralen på Limagarden 8.mars. Her bidrog me med salg av vafler og muffins.

Det vart arrangert Søtepledag på Limagarden 27.sept og her stilte bygdekvinnelaget med bakst.

25. juli vart nokon frå styret invitert til møte i kommunen for å bli ein del av beredskapsgruppa i Gjesdal kommune. Valborg og Liv møtte. Her var det informasjon om beredskap og vi kalles inn til nytt møte seinere.

Det er dette arbeidsåret blitt arrangert kurs i laging/sying av sevsko. I fjor var det ikkje utlyst sivsko kurs, men kom noen med gjengen som møtest fast og syr. I år lyste vi ut nytt kurs med støtte frå studieforbundet Kultur og tradisjon, hvor 5 stk deltar.  Åse H. Søyland er god lærer her.

GBK er medeier i Gjesdal Bygdahus (GBH), og vi har derfor valgte representanter til styret for huset.  Mange bidrar med dugnadsarbeid på vask og vedlikehold av huset.  I tillegg tar flere medlemmer oppdrag som kjøkken- og serveringshjelp ved utleie av huset til private, og andre lag og foreninger, og

jobber på denne måten dugnad til inntekt for GBK. Vi hadde godt oppmøte på vaskedag både ute og inne på kjøkken.

GBK har dette året stilt med vakter til Landstreffet i Bygdeungdomslaget i juli. Her trengdes om lag 1000 vakter og GBK var representert på kjøkkenvakter og kioskvakter. Det var og 2 medlemmer som stilte som vakter på 4h sin fylkesleir i Oltedal i august.

Vi har fra og med 2024 overlatt ansvaret for å arrangere den årlige vennersfesten til GBH, men GBK bidrar i festkomiteen og med vakter. Dette året var ingen unntak og GBK stillte med gode vakter.

GBK er også bidragsyter til det såkalte Sambolabo-prosjektet. Dette er et arbeid som går under «Rogalandsgarden i Kamerun», startet av biskop Bjørn Bue i 1962, og som drives i samarbeid med landbruket i Rogaland (Rogaland Bondelag og Rogaland Bygdekvinnelag). GBK gir pengestøtte til konkrete formål i prosjektet.

Mange medlemmer har også dette året stilt velvillig opp i GBK sine arrangementskomiteer og dugnadsarbeid. Noko av dette er servering på ulike arrangement . Gjesdal bygdekvinnelag hadde ikkje våre noko uten dykk!

Styret i Gjesdal Bygdekvinnelag vil takke alle for godt samarbeid og stor innsats for laget. Vi er veldig glade for alle trofaste medlemmer som deltar på aktivitetene styret legger opp til. Takk for eit kjekt år

Helsing styret

Liv S. Borgersen Valborg S. Søyland

Astrid Øglend Turid Skadsem

## AKTIVITETER

### 23. oktober 2025, Årsmøte på Bygdahuset

23 medlemmer møtte, inkl.styret. Vi hadde besøk av Rita Aase Austvoll som er vår sonekontakt i sone 3 i Rogaland Bygdekvinnelag. Det vart servert smørbrød og kaker og Gisken Hareland leste for oss.

### 27.nov, julemøte med Annica frå Floriss.

Annica fortalte om Floriss butikkane sine. Ho hadde med planter og grønt og ulik julepynt, og viste korleis vi kan laga enkle og meir avanserte dekorasjoner og anna pynt til jul. Ho hadde mange gode tips korleis ein kan bruka det ein har heime. Ho visste mange ulike måter å lage dekorasjoner og pynt til jul og dei fleste vart inspirerte. Det var åresalg og fine premier frå det ho hadde laga. Det var servering



**22. januar 2026, Drøsemøte på Limagarden**

Me hadde ein koseleg kveld på Limagarden. Her var det heilt enkelt opplegg med fyr i ovnen og alle hadde med egen kveldsmat. Det var godt drøs og godt oppmøte. Full stove med ca 25 damer som koste seg. Ein triveleg kveld.

**Februar 2026, Sonemøte på Sola-**

Det var 12-15 stk som deltok på sonemøte. John Skien frå NRK hadde kjekt innlegg. Det var god mat og godt drøs og musikalsk innslag.

**Møte 13. mars 2026, Beredskapsmøte på Gjesdal Bygdahus**

Dette var eit samarbeid mellom GBU og Bondelaget. Her hadde vi besøk Andre Andreassen frå beredskapsgruppa i Gjesdal kommune som snakka om kva beredskap er og korleis det står til i Gjesdal kommune. Dei var opptatt av å ha eit samarbeid med GBK og

spele på dei ressursane som vi har. Trine Granberg Rød kom frå sivilforsvaret(Kåre Jørgensen frå heimevernet vart forhindra). Anders Ueland vart og forhindra, men Bondelagsleder Ernst Georg Bollestad overtok presentasjonen hans. Her var det og ein god gjennomgang. I tillegg var det 2 representanter frå Rogaland bygdekvinnelag som heldt innlegg og kunne fortelja kva dei gjorde i forhold til beredskapen. Det var salg av kaker og kaffi. Det møtte ca 50 stk. Ein veldig interessant og kjekk kveld der dei fleste fekk litt å tenka på om egen beredskapssituasjon.

**16. april 2026, Gåtur i nærmiljøet**

Her hadde komiteen lagt opp til ein koseleg tur på Ålgård. Runden gjekk Kodlidalen/Fiskebekkdalen med rastepause ved gapahuken til Jan Inge. 7 stk møtte og var med og gjekk tur i godt ver.

**27.April Vaskedag på Bygdahuset.** Her var det godt oppmøte. Ein god gjeng vaska kjøkkenet inne på dagtid og på ettermiddagen møtte 5 stk på vasking av vindu og diverse rydding ute. Ein effektiv og positiv gjeng.

**17. mai 2025 på Gjesdal**

Bygdekvinnelaget stilte også i år opp med fanen, og mange var med og gikk i toget.

**21. mai 2026, Tur til Tronsholen og Arboreet**

Det møtte 16 stk og det var veldig mykje flott å sjå. Alle hadde med kveldsmat og hadde ein flott tur.



**18.juni 2026 Damenes aften/afternoon tea på Bjelland gard**

20 damer møtte opp i strålande sommerver på Bjelland gard. Gunnhild Louise informerte om kva ho dreiv med og presenterte kveldens meny. Det var kjempegod suppe og ulike delikate kaker og desserter på stettfat. Servering ute med flotte bord. Ein veldig koseleg kveld med god mat og god drøs. Alle var enige om at dette måtte gjentas.



**30. august 2026, Aktivitetsdag på Limagarden**

I samarbeid med Jærmuseet arrangerte Bygdekvinnelaget også i år aktivitetsdag i åpningstida til Limagarden denne siste søndagen i august. Det

kom godt med folk, sjølv om veret var litt grått. Ca 150 betalte seg inn. Dette året var det eit samarbeid med 4h, som feira at 4h Norge er 90 år. Dei delte ut kake og hadde ulike aktivitetar for ungane. Inne i stua ble det vist sying av sevsko ved Åse H. Søyland og Margrethe Risnes viste strikking og fingerhekling m.m. På låven hadde vi kafe med salg av rabarbrasuppe, lapper, saft, kaffe og smaksprøver. Folk som kom innom koste seg og jærmuseet var fornøyd med arrangementet.

**17. september 2026, Tur til Uren Luren på Søyland (Bilder)**

I litt forskjellig ver gjekk 12 stk på tur på Søyland. Dei fleste gjekk ein litt lengre rundtur, mens nokon gjekk rett opp til Uren Luren, der det var fyrt opp i grua og satte over kaffikjelen. Parafinlamper vart tent og det var koseleg stemning, god drøs og bålkaffi. Det vart mørkt på heimturen, men det gjekk fint med hodelykter Her var det anledning til å ta ein kikk på Søya Gardsutsalg, før turen gjekk ut i marka.




SØYA

**INNSTILLING FRÅ VALNEMNDA 2026**

| | | |
|---|---|---|
| **Leiar:** | Liv Siqaland Borgersen | 1 år attval |
| **Styremedlem:** | Valborg Søyland | 2 år attval |
| | Astrid Øglend | ikkje på val |
| | Turid Skadsem | ny som styremedlem |
| **Varamedlem:** | 1. Kari Tjetland | 1 år ny |
| | 2. Torill Idland | 1 år ny |
| | 3. Margunn Nedrebø | 1 år attval |
| **Revisor:** | | |
| | Wenke Skadsem Haaland | attval |
| | Margunn Nedrebø | ikkje på val |

**Utsendeing til årsmøte i RBK 2027:**

Styret får mandat til å velgja dei som skal vera med.

| | | |
|---|---|---|
| **Skule-landbruk:** | Jorunn Nevland | att val 2 år |
| | Monica Sirevåg Tjøtta | ikkje på val |

**Pynte i Gjesdal kyrkje ved høgtidsgudstenester**

Tone Gjesdal, Else Fjermestad med Torill Idland som vara, attval på alle 3

**Faneberar og duskedamer 17.mai:** styret finn nokon

**Styremedlem og varamedlem til styret i Gjesdal bygdahus:**

| | | |
|---|---|---|
| | Marit Epletveit | ikkje på val |
| Prs varamedlem | Anita Ravndal | ikkje på val |
| | Bente Hegle Fossfjell | attval |
| Prs varamedlem: | Bjørg Madland | attval |
| Revisor Bygdahuset: | Margunn Nedrebø | på val 2027 |

**Valnemnd:** Leiar Else Fjermestad 1 år att

Margunn Nedrebø 2 år att

Hilgunn Høyland Idland 3 år ny

**Godtgjersla til styret.** Auke 10 %?

Valnemda 2026 leiar Maria Nordland Else Fjermestad Margunn Nedrebø

## Skule Landbruk 2025/26.

**I utvalget**

| | |
|---|---|
| **Stine Mari Eidland, leder** | **Gjesdal Bondelag** |
| **Jounn Nevland** | **Gjesdal Bygdekvinnelag** |
| **Ingunn Mathisen Molaug** | **Gjesdal Bondelag** |
| **Monica Tjøtta** | **Gjesdal Bygdekvinnelag** |

Me har i dette arbeidsåret blitt 40 års jubilant. I november 2025 arrangerte me en minneverdig kveld på bygda huset for alle som har vert med å bidra og de som er med å bidrar for å gi elevene i Gjesdal skulen kjekke lærerike opplevelser i skulen. En stor takk til alle som er/har vert med og gjør en innsats for denne flotte 40 års jubilanten.

I år har me hat 3 utvalgsmøter. Me har arrangert disse arrangementene

**Kyllingklekking 2 klasse 10 klasser**

Det blir levert rugekasser på kvar skule. Etter 3-4 dager er kyllingane klekka og klassene får mate og stelle de nokre dager.

**Gardsbesøk 3 klasse 10 klasser**

Kvar klasse avtaler med bonden en skuledag dei kan komme på besøk. Her får elevane sjå og kose med dyra, uteaktiviteter, tur i marka og spise.

**Jul på gammalt vis 4 klasse 179 elever**

Elevane kommer til Limagarden og deltar på 7 poster.

Baking av lefse. Kyrkjegang og pynting. Slakting og mattradisjon, fjøsnissen og stell av dyr. Lage honning lys. Tove baller. Lage sopelimer.

**Fra ull til trå 5 klasse 217elever**

Elevane kommer til Limagarden og deltar på 6 poster. Saueklipping og ullsortering. Karing og spinning. Veving og leken «å ta». Strikking. Heiaføring av sau. Farging av garn.

**Lima vatnet rundt 7 klasse. 126 elever**

Her sykler elevene rundt Limavatnet og er innom 7 poster. Limagarden 2 poster, Limaskeiser, kvernhuset på Lima, Bakstehuset på Lima, Gjesdal kyrkja og Ljåfabrikken på Gjesdal.

**Saueskilling 9klasse. 7 klasser**

Elevane står opp grytidlig på morgen og tar bussen opp til Sirdalen og er med på saueskilling.

Mange takk til alle dei medlemene i Gjesdal bondelag, Gjesdal bygdekvinnelag og andre frivillige som har takka ja til å være med å bidra enten med å delta på poster på de ulike arrangementene, lage mat eller ta i mot gardsbesøk. Dere alle er en viktig bidragsyter til at me lærer og bevist gjør barn og ungdom i kommunen om Norsk matproduksjon og mat beredskap, kultur og tradisjon.

Tilbakemeldingene me får fra elever og lærere er at dette er kjekke dager som alle deltakerne liker og koser seg på.

I år 2025 er det 40 år siden første arrangement til Skule og Landbruk ble arrangert. Me kan være stolte av å ha drevet og utviklet disse ulike aktivitetene for skule elevane i Gjesdal kommune.

Skulane betaler 30 kr pr. elev når dei går i 4 klasse. Det skal dekke alle aktivitetane vi har fra 2- 9 klasse.

Det er 33517,75 kroner inne på kontoen til skule og landbruk per i dag.

Inntekter 2025/2026: 8170 kr elev avgift og 15000 Jæren sparebank.

Utgifter 2024/2025: 2249 kr . Ull, garn og Alum

Jubileumsfesten nov 2025

Inntekter: Inngangspenger 3000 kr og 10000 Jæren sparebank

Utgifter: 25000 kr. Mat, gaver, pynt, musikk, kjøkkenhjelp

GBL dekket 6118 kr og GBK 6118 kr.

Regnskap:

**RESULTATREGNSKAP OG BALANSE**

Gjesdal Bygdekvinnelag

NORGES BYGDEKVINNELAG

01.10.2025 - 30.09.2026

**Inntekter**

| | |
|---|---|
| Tilskudd | - |
| Arrangement | 4 740,00 |
| Møter og kurs | 24 390,00 |
| Utstyr og materiell | - |
| Loddsalg | - |
| Renter og gebyr | 7 617,16 |
| Diverse | - |
| Gaver | - |
| Administrasjon | 8 554,00 |
| Tjenester | 19 859,00 |
| Arrangerte kurs | - |
| **Sum inntekter** | **65 160,16** |

**Utgifter**

| | |
|---|---|
| Tilskudd | - |
| Arrangement | - 7 897,80 |
| Møter og kurs | - 40 334,85 |
| Utstyr og materiell | - |
| Loddsalg | - |
| Renter og gebyr | - 2 368,07 |
| Diverse | - |
| Gaver | - 35 360,00 |
| Administrasjon | - 13 293,00 |
| Tjenester | - 7 223,86 |
| Arrangerte kurs | - 1 212,75 |
| **Sum utgifter** | **- 107 690,33** |

| | |
|---|---|
| **Årsresultat** | **- 42 530,17** |

Haugland 30/9-26

Sted og dato

| Eiendeler pr 30.09.2026 | Kroner |
|---|---|
| Beholdning ved årets slutt, kasse | 3 920,00 |
| Beholdning ved årets slutt, brukskonto, knt.nr.: | 149 672,08 |
| Beholdning ved årets slutt, sparekonto, knt.nr.: | - |
| | |
| Andel Gjesdal Bygdahus | 100 000,00 |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| **Sum eiendeler** | **253 592,08** |

| Gjeld og egenkapital pr 01.10.2025 | Kroner |
|---|---|
| Beholdning ved årets begynnelse, kasse | 4 092,00 |
| Beholdning ved årets begynnelse, brukskonto, knt.nr.: | 92 030,25 |
| Beholdning ved årets begynnelse, sparekonto, knt.nr.: | 100 000,00 |
| | |
| Andel Gjesdal Bygdahus | 100 000,00 |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| **Sum gjeld og egenkapital** | **296 122,25** |
| Årsresultat | - 42 530,17 |
| **Kontrollsum** | **253 592,08** |

Astrid Øglend

Kasserer

**REVISJONSBERETNING**

FOR

**Gjesdal Bygdekvinnelag**

2026

Regnskapet er gjennomgått av minst en revisor uavhengig av det sittende styret. Beholdningen i kasse og bank stemmer overens med de framlagte bilag. Regnskapet er satt opp på en tilfredstillende, ryddig og ordnet måte i tråd med god regnskapsskikk og gir et godt bilde av lagets økonomiske aktivitet. Jeg vil med dette anbefale årsmøte å godkjenne regnskapet.

Merknader fra revisor:

Margunn Nalsvåg 6/10-26

Revisor Sted og dato

Wenke S Haaland 6/10-26

Revisor Sted og dato

NORGES BYGDEKVINNELAG

# Kommentar til rekneskap 2026

**Tjenester:**

Matservering til Dyrlegekurs, minnemøte og Jæren Smalelag.

**Møte:**

Møter hadde ca kr 16 000 meir utfiter enn inntekter. Dette er mat årsmøtet, overskudd adventsmøte gitt til Kreftforening og Bygdekvinnelaget sponset litt av Damenes Aften på Bjelland

**Gaver:**

Blomsterhelsingar til 4 jubilanter og 1 bårebukett

Kr  1 500 i gave til Bjerkreim Bygdekvinnelag.

Kr 20 000 støtte til Bygdahuset

Overskudd etter adventsmøte - Kr 7 830 - vart sendt til Kreftforeningen

Kjøpt gevinst til basar

**Adm:**

Kr 8 850,- i mva kompensasjon

Kr 8 800 i styrehonorar

**Arrangement:**

Kake og Bygdekvinnelaget sin del av underskudd Jubileumsfest Skule/Landbruk på kr 7 300,-.

Aktivitetsdag Limagarden.

**Kurs:**

Annonse Sevskokurs

**Renter:**

Utgifter er omkostninger og Vippsgebyr.

Renter for Fastrentekonto kr 4 000,- og 3 618 for brukskonto.